

Til Noregs Bank

24.10.2022

Tilråding om observasjon av Polski
Koncern Naftowy Orlen SA

Samandrag

Etikkrådet tilrår å sette Polski Koncern Naftowy Orlen SA (Orlen) til observasjon under menneskerettskriteriet i dei etiske retningslinjene. Bakgrunnen er Orlen sitt oppkjøp av avisutgivaren Polska Press og implikasjonane for pressefridom i Polen.

Orlen er eit integrert energiselskap som er notert på børsen i Warszawa. Den største eigaren i selskapet er den polske staten. Ved utgangen av 2021 eigde SPU aksjar for 822 millionar kroner, tilsvarande ein eigardel på 1,18 prosent i selskapet.

Oppkjøpet av Polska Press gir Orlen kontroll over dei fleste regionale avisene i landet i tillegg til eit stort tal lokale mediehus og nettbaserte portalar. Ei rekkje sentrale aktørar har peika på at staten sitt eigarskap i Orlen gjer at Polska Press vil kunne utsettast for politisk påverknad, og at oppkjøpet derfor har ei negativ verknad på ytringsfridomen. Kritikken inngår i ein kontekst der pressefridommen i landet er minkande.

Kva gjeld selskapet si medverknad til normbrota, har Orlen stått for oppkjøpet, og som eigar medverka til utbytting av redaktørar og fjerning av kritikk frå det offentlege ordskiftet. Konfrontert med negative konsekvensar av oppkjøpet, har selskapet sagt at oppkjøpet er ei rein forretningsavgjerd som passar godt med selskapet sine strategiske målsettingar. Selskapet har lagt vekt på at det respekterer nasjonal lovgiving for mediemarknaden, og at selskapet ikkje vil blande seg i det redaksjonelle innhaldet i Polska Press sine publikasjonar.

Etter rådets sitt syn er det ikkje ein motsetnad mellom at oppkjøpet er gjort av forretningsmessige grunnar, og at det det samstundes har negativ innverknad på pressefridomen.

Risikoen for politisk påverknad er særleg alvorleg i samband med val, og rådet merkar seg at fleire aktørar har gitt uttrykk for alvorleg bekymring for uavhengigheita til Polska Press-publikasjonane i samband med valet i 2023. I kva grad denne risikoen vil materialisere seg, er likevel usikkert. På grunn av denne usikkerheita om utviklinga framover tid tilrår rådet å sette selskapet til observasjon.

Innhald

Samandrag	1
1 Innleiing.....	1
1.1 Kva rådet har teke stilling til	1
1.2 Normgrunnlag	3
1.3 Kjelder.....	4
2 Bakgrunn.....	5
3 Innverknad på pressefridom.....	6
4 Informasjon frå selskapet.....	10
5 Etikkrådet si vurdering.....	11
6 Tilråding	13

1 Innleiing

Etikkrådet har vurdert Statens pensjonsfond utland (SPU) si investering i PKN Orlen (Orlen)¹ opp mot retningslinjer for observasjon og utelukkning frå SPU (dei etiske retningslinjene).² Tilrådinga gjeld Orlen sitt oppkjøp av avisutgivaren Polska Press og implikasjonane for pressefridom i Polen.

Orlen er eit integrert energiselskap som er notert på børsen i Warszawa. Selskapet eig ei rekkje føretak som mellom anna har verksemd innan raffinering og petrokjemisk produksjon, elektrisitetsproduksjon, engros- og detaljhandel og sal av drivstoff. Selskapet har verksemd i Sentral-Europa og Canada.

Polske styresmakter er den største eigaren i Orlen med ein eigardel på 32 prosent av aksjane. Eigardelen er venta å auke til 50 prosent.³ Orlen legg sjølv til grunn at staten har "de facto" kontroll over selskapet.⁴ Polska Press er ein av dei største avisutgivarane i Polen og leiande innan den regionale og lokale mediemarknaden i landet.

Ved utgangen av 2021 eigde SPU aksjar for 822 millionar kroner, tilsvarande ein eigardel på 1,18 prosent i Orlen.

1.1 Kva rådet har teke stilling til

Etikkrådet har vurdert fondet si investering i Orlen opp mot dei etiske retningslinjene § 4 bokstav a: «Observasjon eller utelukkelse kan besluttes for selskaper der det er en uakseptabel risiko for at selskapet medvirker til eller selv er ansvarlig for (...) grove eller systematiske krenkelser av menneskerettighetene». Etter dei etiske retningslinjene § 6

¹ Issuer ID: 823804

² Retningslinjer for observasjon og utelukkelse av selskaper fra Statens pensjonsfond utland, <https://lovdata.no/forskrift/2014-12-18-1793>

³ Nasdaq, *Poland to up stake in Orlen to 50% as part of Lotos, PGNiG deal, says minister*, 12. mai 2021 <https://www.nasdaq.com/articles/poland-to-up-stake-in-orken-to-50-as-part-of-lotos-pgnig-deal-says-minister-2021-05-12>

⁴ European Commission, Case M.9014 - PKN Orlen/Grupa Lotos, 14. juli 2020, s. 20 https://ec.europa.eu/competition/mergers/cases1/202121/m9014_8817_6.pdf

(5) kan observasjon nyttast «der det er tvil om vilkårene for utelukkelse er oppfylt, om utviklingen framover i tid eller der det av andre årsaker finnes hensiktsmessig».

I vurderinga av kva som utgjer krenkingar av menneskerettane, byggjer rådet på internasjonalt anerkjende konvensjonar og autoritative tolkingar av desse. Rådet finn også rettleiing i FN sine prinsipp for næringsliv og menneskerettar. Av desse følgjer det at selskap ikkje skal krenke andre sine menneskerettar, og at dei skal «*address adverse human rights impacts with which they are involved*». ⁵ I tråd med FN-prinsippa legg rådet vekt på konsekvensane og omfanget av krenkingane og i kva grad det er mogeleg å avbøte desse.

I denne saka har rådet vurdert om selskapet si åtferd har negative konsekvensar for yringsfridomen slik den er verna i Den internasjonale konvensjon om sivile og politiske rettar (SP) artikkel 19 og Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) artikkel 10. Rådet har ikkje tidlegare vurdert yringsfridom under menneskerettskriteriet i dei etiske retningslinjene. I stortingsmeldinga om Statens pensjonsfond for 2021-2022 vert det understreka at rådet kan vurdere medverknad til krenking av alle typar menneskerettar under dette kriteriet. ⁶

I denne saka har rådet vurdert medverknad til systematiske brot på menneskerettane. Rådet har i tidlegare tilrådingar lagt til grunn at menneskerettsbrot er systematiske når brota har eit betydeleg omfang. Det at brota er systematiske kan innebere at normbrota er talrike, at det er ulike typar rettार som vert krenka, eller at dei skjer i fleire einingar i selskapet. Rådet legg til grunn at systematiske krenkingar ikkje er isolerte brot, men utgjer eit handlingsmønster. Rådet har i tidlegare tilrådingar vektlagd om det har vore ein medviten praksis frå selskapet si side å bevege seg på eller over grensa for det som er aksepterte normer.

Sjølv om menneskerettane forpliktar statar, kan selskap seiast å medverke til menneskerettsbrot. Rådet tek ikkje stilling til om statar kan haldast ansvarleg for normbrota som vert omtala. I vurderinga av om eit selskap medverkar til å krenke

⁵ FN sine prinsipp for næringsliv og menneskerettar
https://www.ohchr.org/sites/default/files/documents/publications/guidingprinciplesbusinesshr_en.pdf

⁶ Statens pensjonsfond 2022, Meld. St. 9 (2021–2022) s. 38

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-9-20212022/id2906344/>

menneskerettane, legg rådet vekt på om det er ein samanheng mellom selskapet si verksemd og dei aktuelle normbrota, og om selskapet har medverka aktivt til brot eller kjent til normbrota utan å gjere noko for å hindre dei. Normbrota må vere pågåande, eller det må være ein uakseptabel risiko for at krenkingar kan skje i framtida. Rådet legg også vekt på kva selskapet gjer for å hindre normbrot.

1.2 Normgrunnlag

Av SP artikkel 19 nr. 2 følgjer det:

Everyone shall have the right to freedom of expression; this right shall include freedom to seek, receive and impart information and ideas of all kinds, regardless of frontiers, either orally, in writing or in print, in the form of art, or through any other media of his choice.

Av Menneskerettskomiteen sine *generelle kommentarar* om artikkel 19 frå og 2011⁷ følgjer det at yringsfridom er ein føresetnad for oppfylling av ei rekkje andre menneskerettar, inkludert retten til forsamlingsfridom (SP artikkel 21) og retten til å stemme (SP artikkel 26).

Sjølv om artikkel 19 ikkje uttrykkeleg omtalar pressefridom og mediemangfald, følgjer det av Menneskerettskomiteen sine *generelle kommentarar* om artikkel 19 frå 1983⁸ og 2011 at desse elementa er omfatta av fråsegna. I den generelle kommentaren frå 2011 uttalar komiteen at fri, usensurert og uhindra presse er essensielt i eitkvart samfunn for å sikre retten til yringsfridom og fleire andre rettar under konvensjonen. Komiteen peikar også på at fri presse er ein hjørnestein for alle demokratiske samfunn.⁹ I ein rapport frå FN sin spesialrapportør for yringsfridom definerer rapportøren innhaldet i pressefridomen som fridom, uavhengigheit og mangfald i nyheitsmedia, inkludert i

⁷ Menneskerettskomiteen, *General comment No. 34 Article 19: Freedoms of opinion and expression*, 2011 <https://www2.ohchr.org/english/bodies/hrc/docs/gc34.pdf>

⁸ Menneskerettskomiteen, *General comment No. 10 Article 19: Freedoms of opinion and expression*, 1983
<https://www.ohchr.org/sites/default/files/Documents/Issues/Opinion/CCPRGeneralCommentNo10.pdf>

⁹ Menneskerettskomiteen (2011) s. 3

produksjon, publisering og disseminering av journalistikk på alle plattformer. Media si uavhengighet vert definert som redaksjonell uavhengighet frå politisk innverknad.¹⁰

Ytringsfridommen er også verna i EMK artikkel 10 og omfattar som SP pressefridom og mangfald.¹¹ I domstolen si rettleiing om artikkel 10 vert pressefridomen si særlege viktighet i samband med demokratiske val framheva med tilvising til domstolen sin rettspraksis:

Free elections and freedom of expression, and particularly the freedom of political debate, form the foundation of any democracy. The two rights are inter-related and operate to reinforce each other. It is particularly important in the period preceding an election that opinions and information of all kinds are permitted to circulate freely (...) In consequence, the watchdog role of the press is no less pertinent at election time. In the Court's view, this role encompasses an independent exercise of freedom of the press on the basis of free editorial choice aimed at imparting information and ideas on subjects of public interest. In particular, discussion of the candidates and their programmes contributes to the public's right to receive information and strengthens voters' ability to make informed choices between candidates for office.¹²

1.3 Kjelder

I denne saka har rådet brukt offentleg tilgjengeleg informasjon frå media, FN-organ, internasjonale domstolar, sivilt samfunn og offentlege styresmakter. Rådet har også motteke informasjon frå selskapet.

¹⁰ Menneskerettsrådet, *Reinforcing media freedom and the safety of journalists in the digital age Report of the Special Rapporteur on the promotion and protection of the right to freedom of opinion and expression*, Irene Khan, april 2022, <https://documents-dds-ny.un.org/doc/UNDOC/GEN/G22/323/44/PDF/G2232344.pdf?OpenElement>

¹¹ Den europeiske menneskerettskonvensjonen, https://www.echr.coe.int/documents/convention_eng.pdf

¹² Guide to Article 10 of the Convention – Freedom of expression European Court of Human Rights 109/129 Last update: 30.04.2021 receive information and strengthens voters' ability to make informed choices between candidates for office https://www.echr.coe.int/documents/guide_art_10_eng.pdf

2 Bakgrunn

I desember 2020 annonserte Orlen at det skulle kjøpe opp Polska Press frå den tyske eigaren Verlagsgruppe Passau Capital Group. Transaksjonen gav Orlen kontroll over 20 av dei 24 regionalavisene i landet, 120 vekemagasin og 500 nettbaserte portalar. Orlen har uttala at oppkjøpet vil gi selskapet tilgang til 17,4 millionar lesarar.¹³ Før Orlen kjøpte Polska Press, kjøpte det i 2019 66 prosent av aksjane i Sigma BIS, eit anna medie- og reklameselskap. I 2020 kjøpte Orlen også Ruch Group, eit landsdekkande nyheitsutsal som har distribusjon innan både engros- og detaljhandel. Ruch sitt nettverk omfattar omlag 2400 kioskar, og er den største distributøren av aviser i Polen.

Sidan det sittande regjeringspartiet i Polen kom til makta i 2015, er det rapportert at partiet har teke fleire grep for å auke si innflyting over nasjonale medium i Polen.¹⁴ Mellom anna har partiet hatt ein uttalt målsetting om å avgrense utanlandsk eigarskap i media – såkalla «*repolonisation*».¹⁵ Kritikarar har hevda at føremålet med denne politikken er å sikre statleg kontroll over media.¹⁶ Sidan 2015 har landet falle 46 plassar på Reporters Sans Frontiers's *World Press Freedom Index*, og er no rangert som nummer 64 av 180 land.¹⁷ Ein av grunnane til fallet er den politiske kontrollen over statleg eigde medium. Kort tid etter at regjeringspartiet kom til makta, tok det kontroll over

¹³ Notes From Poland, *Polish state energy giant buys hundreds of local media outlets from German owner*, 7. desember 2020 <https://notesfrompoland.com/2020/12/07/polish-state-energy-giant-buys-hundreds-of-local-media-outlets-from-german-owner/>

¹⁴ Foreign Policy, *How Poland's Public Television Became a Mouthpiece of the Law and Justice Party*, 25. November 2019 <https://foreignpolicy.com/2019/11/25/poland-public-television-law-and-justice-pis-mouthpiece/>

¹⁵ Reuters, *Polish government to 'repolonize' media in next term, deputy PM says*, 20. juni 2019 <https://www.reuters.com/article/us-poland-media-idUSKCN1TL1EX>

¹⁶ Reporters Sans Frontiers (RSF), *Poland about to censor privately-owned media, like its Hungarian ally*, 31. juli 2020 <https://rsf.org/en/poland-about-censor-privately-owned-media-its-hungarian-ally>

¹⁷ RSF, *RSF declares "press freedom state of emergency" in Poland*, 13. september 2013 <https://rsf.org/en/news/rsf-declares-press-freedom-state-emergency-poland>

utnemninga av sjefar for offentleg kringkasting. Etter presidentvalet i 2020 uttala OSCE *Office for Democratic Institutions and Human Rights*:

*The governance and funding of the public broadcaster TVP does not ensure editorial independence and enables the government to exert pressure on TVP content. During this campaign (...) the TVP failed in its legal duty to provide balanced and impartial coverage. Instead, it acted as a campaign vehicle for the incumbent and frequently portrayed his main challenger as a threat to Polish values and national interests. Some of the reporting was charged with xenophobic and anti-Semitic undertones. (...) Editorial bias across the media landscape, combined with the lack of an effective oversight, reduced voters' ability to access comprehensive information that helps to inform their choices.*¹⁸

3 Innverknad på pressefridom

Fleire kritikarar har argumentert for at oppkjøpet av Polska Press er ein del av styresmaktene sitt mål om større kontroll med media.¹⁹ I ein rapport frå *Centre for Media Pluralism and Media Freedom* ved *The European University Institute* går det fram at det er høg risiko knytt til mangel på politisk avhengigheit og mediemangfald i Polen.²⁰ Rapporten bruker Orlen sitt oppkjøp som eit eksempel både på aukande politisk innverknad og konsentrasjon av media i Polen. Av rapporten følgjer det at oppkjøpet «*resulted in increased political control*» og at oppkjøpet har ført til «*dominance of regional news market by a state-owned company with a significantly strong position and high share in audience market*». Polske og europeiske journalistar og sivilsamfunnorganisasjonar har

¹⁸ OECD, ODIHR Special Election Assessment Mission Republic of Poland – Presidential Election, 28 June 2020, <https://www.osce.org/files/f/documents/4/9/455728.pdf>

¹⁹ Sjå til dømes: <https://www.article19.org/resources/pkn-ornen-media-purchase-violates-eu-merger-rules/>

²⁰ EUI/ The Centre for Media Pluralism and Media Freedom, Monitoring Media Pluralism In The Digital Era Application Of The Media Pluralism Monitor Country report: Poland, 2022 <https://cadmus.eui.eu/bitstream/handle/1814/74700/MPM2022-Poland-EN.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

også gitt uttrykk for si djupe bekymring for politisk påverknad av Polska Press som følge av oppkjøpet.²¹

Oppkjøpet av Polska Press vart godkjend av polske konkurransestyresmakter i februar 2021.²² I avgjerda går det fram at styresmaktene ikkje har vurdert om oppkjøpet vil utgjere ein mogeleg trugsel mot media sin uavhengigheit og pluralisme. Avgjerda vart påklaga av Polen sin kommissær for menneskerettar, som argumenterte for at pressefridom og mediemangfald burde vore ein del av styresmaktene si vurdering.²³ Av klagen følgjer det at når Orlen kan sette inn sine lojale redaktørar, vil staten og politikarar i maktposisjonar lett kunne *"influence the taking of decisions on all activities of individual editorial offices, thereby transforming free press (...) into information and propaganda bulletins dependent on the authorities."* For å underbygge påstanden viser kommissæren til den sterke politiske påverknaden på den statlege kringkastaren. I juni 2022 kom avgjerda i saka, der domstolen konkluderer med at

²¹ Sjå til dømes:

RSF, <https://rsf.org/en/news/firing-four-editors-repolonisation-under-way-poland>

International Press Institute (IPI), <https://ipi.media/purchase-of-polska-press-by-state-energy-giant-spells-disaster-for-media-freedom-in-poland/>

Article 19, <https://www.article19.org/resources/pkn-orlen-media-purchase-violates-eu-merger-rules/>

Press Club Polska (på polsk),

https://bip.brpo.gov.pl/sites/default/files/Stanowisko_Press_Club_20.05.2021.pdf

²² UOKiK, Decyzja nr DKK-34/2021 (på polsk)

https://decyzje.uokik.gov.pl/bp/dec_prez.nsf/1/533AAC068F3C6568C1258681003DC432?editDocument&act=Decyzja

²³ Polske styresmakter, på polsk:

https://bip.brpo.gov.pl/sites/default/files/Odwolanie_UOKiK_Orlen_PolskaPresse_5.03.2021.pdf

konkurransestyresmaktene ikkje kan ta omsyn til pressefridom og pluralisme i sine vurderingar.²⁴

Sidan Orlen overtok selskapet er ei rekkje redaktørar bytta ut. Fleire av dei nye redaktørane skal ha kome frå rikskringkastaren eller andre regjeringsvenlege medium.²⁵ I ein artikkel frå juli 2021 frå nyheitsmagasinet *Notes from Poland* går det fram at 14 sjefsredaktørar har vorte erstatta.²⁶ I juli 2022 slutta også ein anna redaktør i ei avis sør i Polen. I samband med dette uttala han:

*From the beginning, I saw the takeover of Polska Press by Orlen as the end of the independent regional press (...) I've been a publisher for over 20 years and I've been making the newspaper the way I thought it should look. With time, I came to the conclusion that it is becoming more and more difficult to do it in accordance with my conscience.*²⁷

I tillegg til redaktørane som er bytta ut og som har slutta, skal fleire journalistar ha sagt opp stillingane sine, mellom anna på grunn av manglande uavhengigheit.²⁸ I eit intervju vart sjefredaktøren i Polska Press spurt om desse journalistane. Ho indikerte at dei som

²⁴ Reuters, Polish court rejects appeal against PKN Orlen's Polska Press takeover, 7. juni 2022 <https://www.reuters.com/business/media-telecom/polish-court-rejects-appeal-against-pkn-orkens-takeover-polska-press-pap-2022-06-07/>

²⁵ IPI, 10. juni 2021 <https://ipi.media/poland-orken-continues-editorial-purge-at-polska-press-2/>

²⁶ Notes from Poland, Fourteenth newspaper editor leaves since Polish state oil giant media takeover, 14. juli 2021 <https://notesfrompoland.com/2021/07/14/fourteenth-newspaper-editor-dismissed-since-polish-state-oil-giant-media-takeover/>

²⁷ Press.pl, (på polsk) «Bogusław Mrukot odchodzi z "Nowej Trybuny Opolskiej". Pracował w niej ponad 20 lat», 14. juli 2022 https://www.press.pl/tresc/71758,boguslaw-mrukot-odchodzi-z-_nowej-trybuny-opolskiej_---pracowal-w-niej-ponad-20-lat

²⁸ IPI, Poland: Orlen continues editorial purge at Polska Press, 10. juni 2021 <https://ipi.media/poland-orken-continues-editorial-purge-at-polska-press-2/>

meinte dei ikkje hadde politisk uavhengigheit, sa dette for å få merksemd og betre sin posisjon i arbeidsmarknaden ved å hevde at dei var «politisk forfølgd».²⁹

Sidan oppkjøpet har det kome fleire skuldingar om politisk innverknad på det redaksjonelle innhaldet i Polska Press-avisene. Mellom anna har organisasjonen *Society of Journalists* rapportert at ei Polska Press-avis hadde langt meir positiv omtale av kandidaten frå regjeringspartiet enn konkurrentane hennar i eit lokalval i 2021.³⁰ Også andre aktørar har teke til orde for at Polska Press vil verte nytta av regjeringspartiet i valkampen fram mot det nasjonale valet i 2023, både til å spreie informasjon som støttar regjeringspartiet, og ved bruk av brukardata som selskapet har fått tilgang til gjennom oppkjøpet.³¹ Det er også rapportert at nyinnsette redaktørar har hindra eller avgrensa omtale av saker som kan vere negativt for regjeringspartiet,³² og at ein artikkel

²⁹ Wirtualnemediia, "Kania: odchodzący dziennikarze narzekają na Polska Press, by podbić swoją pozycję na rynku pracy", <https://www.wirtualnemediia.pl/artukul/dorota-kania-odchodzacy-dziennikarze-narzekaja-na-polska-press-by-podbic-swoja-pozycje-na-ryнку-pracy>

³⁰ Society of Journalists, på polsk:
<http://towarzystwodziennikarskie.pl/2021/06/13/raport-z-monitoringu-mediow-przed-wyborami-prezydenckimi-w-rzeszowie-28-maja-11-czerwca-2021-r/>

³¹ Wyborcza.pl, *Strategic media takeover. How Orlen's purchase of Polska Press could shape the 2023 local elections*, 8. januar 2021
<https://wyborcza.pl/7,173236,26670485,strategic-media-takeover-how-ornel-s-purchase-of-polska-press.html>

³² Wyborcza.pl (på polsk), *Orlen w Polska Press. "Nie używać określenia wolne media." Są instrukcje, jak pisać o "lex TVN" i LGBT+*, 11. August 2021
<https://poznan.wyborcza.pl/poznan/7,36001,27439531,ornel-w-polska-press-nie-uzywac-okreslenia-wolne-media-sa.html>

som var kritisk til rikskringkastaren, vart fjerna.³³ Ein journalist skal også ha vorte sagt opp for å skive ein ironisk tekst der han kritiserte Orlen og oppkjøpet av Polska Press.³⁴

I januar 2021 skreiv forretningsadvokat og professor M. Romanowski ein artikkel der han kritiserte dagleg leiar i Orlen for oppkjøpet og sa at oppkjøpet var i strid med polsk selskapsrett.³⁵ Artikkelen vart publisert på nettsida til eit magasin for økonomi og jus. Kort tid etter vart professoren kontakta av magasinet, som informerte at på bakgrunn av tilbakemelding frå Orlen, var artikkelen fjerna. Orlen uttala i media at det ikkje var einig i framstillinga i artikkelen, og at det hadde planar om å ta rettslege skritt mot Mr. Romanowski. Selskapet gjekk ikkje vidare med slike steg. Dagleg leiar i Orlen er også skulda for å ville stilne medium som har publisert kritiske artiklar urelatert til oppkjøpet av Polska Press.³⁶

4 Informasjon frå selskapet

Etikkrådet har hatt kontakt med selskapet frå februar til oktober 2022. I denne kommunikasjonen har selskapet sagt at det opererer i tråd med nasjonal og internasjonal lovgiving, og at selskapet ikkje påverkar det journalistiske innhaldet i Polska Press-utgivingar. Ifølgje selskapet er kritikken mot selskapet ikkje basert på fakta, men på einsidige framstillingar frå media og organisasjonar som støttar opposisjonen i landet. Selskapet viser også til ei undersøking som viser at polske forbrukarar ønskjer

³³ Wyborcza.pl, (på polsk) *Naczelný gazety z Polska Press, z nadania Orlenu, wyrzuca felieton z druku. Bo był krytyką TVP*, 21. juni 2021

<https://bydgoszcz.wyborcza.pl/bydgoszcz/7,48722,27228963,naczelný-gazety-z-polska-press-z-nadania-orkenu-wyrzuca-felieton.html>

³⁴ Wirtualnemedía, (på polsk) *Nowy naczelný „Nowin” zerwał współpracę z felietonistą, który zakpił z kupna Polska Press przez Orlen*, 11. mai 2021

<https://www.wirtualnemedía.pl/artýkul/felietonista-nowin-zwolniony-za-zart-z-prezesa-orkenu-daniel-obajtek>

³⁵ Wirtualnemedía.pl, (på polsk): <https://www.wirtualnemedía.pl/artýkul/profesor-prawa-michal-romanowski-rzeczpospolita-usunela-moj-tekst-po-interwencji-orkenu>

³⁶ IPI, *Increased attempts to silence Poland's free media through lawsuits (Gazeta Wyborcza)*, <https://ipi.media/increased-attempts-to-silence-polands-free-media-through-lawsuits-gazeta-wyborcza/>

polsk-eigde media, og til at ein journalist-organisasjon har vore positive oppkjøpet fordi det styrkar det polske eigarskapet.

Orlen har vidare forklart at ingen redaktørar har verte sagt opp, men at det er kome til ei minneleg løysing med dei som har vorte bytta ut. Kva gjeld andre tilsette, seier selskapet at fleire kunne ha kome til å verte sagt opp om Orlen ikkje hadde kjøpt Polska Press, og at det no har om lag same «turn over» som elles i bransjen. Selskapet peikar også på at dei har inngått ein avtale med fagforeiningane hjå Polska Press som sikrar dei tilsette betre arbeidsvilkår enn tidlegare.

Orlen har vidare forklart at oppkjøpet er ei rein forretningsmessig handling som passar godt inn i Orlen sine planar om å styrke fokuset på detaljhandel og som er i tråd med globale trendar. Selskapet ser også oppkjøpet i samanheng med kjøpet av Sima Bis og Ruch. Orlen omtalar planar om å utvikle stordataverktøy der det kan nytte kunnskapen det no kan samle inn om 60 prosent av internettbrukarane i Polen. På denne måten vil selskapet laga nye forretningsmodellar og gi betre geografisk dekning og skreddarsydde tilbod til utvalde kundar.

5 Etikkrådet si vurdering

Etikkrådet har vurdert fondet si investering i Orlen opp mot kriteriet for menneskerettane i dei etiske retningslinjene.

Orlen er skulda for å påverke pressefridomen i Polen negativt gjennom oppkjøpet av Polska Press. Pressefridomen, som ein del av ytringsfridommen, er internasjonalt anerkjend som ein føresetnad for demokrati og andre menneskerettar, inkludert retten til å stemme ved frie val. Medverknad til krenking av desse rettane kan danne grunnlag for utelukking frå SPU.

Oppkjøpet gir Orlen kontroll over dei fleste regionale avisene i landet i tillegg til eit stort tal lokale mediehus og nettbaserte portalar. I lys av omfanget av publikasjonar som vert påverka av oppkjøpet, samt at pressefridomen er avgjerande for ei rekkje andre rettar, har rådet i denne saka vurdert om selskapet kan seiast å medverke til *systematiske* normbrot. Som i tidlegare saker har rådet lagt vekt på at det ikkje er tale om isolerte tilfelle, men at normbrota kan utgjere eit handlingsmønster. Rådet har også lagt vekt på at selskapet synast medvite å operere på grensa for det som er aksepterte normer.

I vurderinga av skuldingane mot selskapet har rådet lagt vekt på synet til menneskerettskommisjonen i Polen, samt journalistar, akademikarar og representantar frå sivilt samfunn som argumenterer for at staten sitt eigarskap i Orlen gjer at Polska Press vil kunne utsettast for politisk påverknad. Rådet merkar seg at ei rekkje redaktørar

i Polska Press er skifta ut, og at fleire journalistar har slutta fordi dei opplever ikkje lenger å ha redaksjonell fridom. Konsekvensane av desse utskiftingane kan vere vanskelege å reversere. Rådet merkar seg også skuldingar om politisk innverknad på publikasjonane etter oppkjøpet. Selskapet skal vidare ha fått fjerna kritikk frå det offentlege ordskiftet og trua ein kritikarar med rettslege steg. Endeleg legg rådet vekt på alvorlege bekymringar for at Polska Press-publikasjonane kan verte påverka politisk under valet i 2023.

Konfrontert med dei moglege konsekvensane på pressefridomen, har selskapet sagt at oppkjøpet er ei rein forretningsavgjerd som passar godt med internasjonale trendar og selskapet sine strategiske målsettingar. Selskapet har lagt vekt på at det respekterer relevant lovgiving for medie-marknaden, og at selskapet ikkje vil blande seg i det redaksjonelle innhaldet i Polska Press sine publikasjonar.

Etter rådets sitt syn er det ikkje nokon motsetnad mellom at oppkjøpet kan vere gjort av forretningsmessige grunnar, og at det det samstundes kan ha ei negativ innverknad på pressefridomen. Sjølv om selskapet opplyser at det ikkje vil blande seg i redaksjonelle spørsmål, har det ikkje svart på rådet sine spørsmål om det er sett i verk nokon tiltak for å hindre politisk påverknad, til dømes i tilsettinga av redaktørar. I lys av skuldingane mot selskapet og dei moglege negative innverknadene på pressefridomen i Polen ville rådet som eit minimum ha forventa at selskapet sette i verk konkrete tiltak for å verne den redaksjonelle fridomen til utgivingar under deira eigarskap. Døme på slike tiltak kan vere ei grundig vurdering av risikoen for politisk påverknad, tydelege retningslinjer som sikrar redaksjonell uavhengigheit, kontrollmekanismer for å sikre at desse vert etterlevd og klage- og handhevingssystem som gir redaktørar og journalistar høve til å melde frå om kritikkverdige tilhøve på ein trygg måte.

Sjølv om mange selskap i fondet opererar i ein kontekst der ytringsfridommen er sterkt avgrensa, meiner rådet at selskap som går inn i mediemarknaden i ein situasjon der mediefridommen er under press, må vere særleg aktsame for ikkje å påverke situasjonen i negativ retning. I denne saka er det selskapet i fondet sitt oppkjøp som kan gjere at publikasjonar som tidlegare har vore uavhengige, kan verte utsett for politisk påverknad. Ut frå den føreliggjande informasjonen legg rådet til grunn at det oppkjøpet kan ha hatt ein slik negativ verknad.

I tråd med internasjonale standardar er risikoen for politisk påverknad særleg alvorleg i samband med val. Rådet merkar seg at fleire aktørar har gitt uttrykk for alvorleg bekymring for den politiske uavhengigheita til Polska Press-publikasjonane under valet i 2023. Kritikarar fryktar at publikasjonane vert brukt som talerøyr for dei som sit ved makta. I kva grad denne risikoen vil materialisere seg, er likevel usikkert. På grunn av

denne usikkerheita om utviklinga framover tid, tilrår rådet å sette selskapet til observasjon.

6 Tilråding

Etikkrådet tilrår å sette Polski Koncern Naftowy Orlen SA til observasjon.

Johan H.
Andresen
Leder

(Sign.)

Svein Richard
Brandtzæg

(Sign.)

Cecilie
Hellestveit

(Sign.)

Vigdis Vandvik

(Sign.)